



HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

Uttale - motsegn - kommuneplan 2025 - 2037 - arealdel - Hustadvika

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Hustadvika kommune har sendt kommuneplanen sin arealdel 2025 - 2037 til offentlig ettersyn etter vedtak i Hovedutvalg Teknisk, miljø og næring den 5. juli 2024, sak PS 27/2024.

SAMORDNING AV STATLEGE MOTSEGNER

Statsforvaltaren har eit samordningsansvar for statlege motsegner til kommunale planar etter plan og bygningslova. Fråsegn til kommuneplanen sin arealdel omfattar difor motsegn frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Med heimel i plan og bygningslova fremmer vi motsegn til planen på følgende punkt:

Statsforvaltaren:

Planfagleg:

- Arealføremål og føresegner må vere i tråd med kart- og planforskrifta og plan- og bygningslova

Strandsone:

- Manglande konkret utgreiing og fastsetting av byggegrense mot sjø som varetar ålmenne strandsoneinteresser
- Byggegrense mot vassdrag må vareta miljøinteressene, og unntaket for landbruksbygg må takast ut av føresegnene.
- Naust på inntil 45 m2 langs innlandsvatn og vassdrag.
- Dobbeltaust på 100 m2
- Naustområde ABA6 på Vestad/Håsundet på grunn av konflikt med ålmenne strandsoneinteresser



Naturmangfald

- Samferdselslinjer i plankartet og føresegn § 7.2 kan føre til at det vert bygd turveggar utan ei forsvarleg arealavklaring i høve viktig naturmangfald og andre arealomsyn
- Naustområde ABA4 er i konflikt med trua naturtypar i strandsona
- Areal for fritidsbustader FB159 er negativt for landskap og verneverdiane i Hustadbukta naturreservat.
- Areal for råstoffutvinning RU4 og deponi ABA7 får vesentleg verknad for sterkt trua (EN) og utvald naturtype (UN) kystlynghei
- Areal for råstoffutvinning RU5 og RU6 får vesentleg negativ verknad for naturmangfald og klimagassutslepp
- Areal for fritids- og turistføremål FTU4 ved Gådalsvatnet som omfattar kystmyr og rikmyr.
- Omsynssone H910, NÆ103, NÆ104 og V22 for vidareføring av reguleringsplan for næringsareal Varholmyrane og Varholvegen
- Omsynssone H910 og ABA27 for vidareføring av regulert naustområde i Einsetvågen dyrefredingsområde

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging:

- Bustadområda B22 og B25 på Elnevangen
- Næringsareal NÆ78 på Nerland

Samfunnstryggleik og beredskap:

- Mangelfull dokumentasjon av kjelder i ROS-analysen
- Mangelfull dokumentasjon av reell risiko på siste plannivå
- Mangelfull oppfølging av avdekka skredfare
- Mangelfull oppfølging av avdekka stormflodfare

Landbruk:

- Bustadområde B158 i Krakelivegen er i konflikt med eit større landbruksareal
- Område for spreidd bustadbygging LSB19, LSB22 og LSB23 er i konflikt med dyrkamark
- Idrettsanlegg IDR11 er i konflikt med fulldyrka jord

Folkehelse:

- Samlokalisering av masseuttak RU11 og RU13 i Rødal med bustadutbygging

Noregs vassdrags- og energidirektorat:

- Manglande avklaring av reell fare på siste plannivå eller krav til reguleringsplan for område regulert til spreidd utbygging i LNFR-områda.
- Manglande vurdering og dokumentasjon på bruk av omsynssone *H910 Vidareføring av reguleringsplan*.
- Manglande vurderingar eller krav til reguleringsplan for område i aktsemdområde for kvikkleireskred.
- Mangelfulle føresegner for omsynssone *Skredfare H310* knytt til aktsemdsområde for skred i bratt terreng.
- Manglande omsyn til energianlegg som er ein del av regional- og nasjonalnettet.



Statsforvaltaren sine merknader

Planfagleg

Arealrekneskap

Kapittel 5 i konsekvensutgreiinga gir ein gjennomgang av arealbruksendringane og arealreserven. Tabellen i kapittel 5.3 gir ei enkel oversikt over omdisponering, i dekar, av areal frå LNF-område til utbyggingsføremål, og tilbakeføring av utbyggingsområde til LNF-føremål. Denne oversikta gir ikkje ei fullstendig oversikt over arealreservane og forventa framtidig arealbehov for dei ulike bygg- og anleggsføremåla. For å lettare få oversyn over arealrekneskapen, rår vi til at arealrekneskapen (utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune), til kommunen, og som det er lenka til i KU-en vert tatt inn i planomtalen. Arealrekneskapen bør også innehalde eit oversyn over korleis jordbruksareal og natur vert påverka av arealbruksendringane som er foreslått i planen. Vi viser også til rettleiaren [Arealregnskap i kommuneplan](#) frå Kommunal- og distriktsdepartementet som gir eksempel på korleis dette kan framstillast.

Oversikta over arealbruksendringane som planen foreslår viser at kommunen aktivt har tatt ut større areal avsett til ulike utbyggingsføremål som ikkje lengre er aktuelle, som er i strid med kommunen sine arealstrategiar og mål for utvikling, eller i strid med regionale og nasjonale føringar for arealplanlegginga både med omsyn til jordvern, klimatilpassing og naturmangfald. Vi har merka oss at 106 dekar myr som har vore avsett til motorsportsenter på Venåsmyra er tilbakeført til LNF. Dette plangrepet er heilt i tråd med nasjonale miljømål og nasjonale forventningar til kommunal planlegging om å unngå nedbygging av karbonrike areal som myr, og ta vare på areal som er viktig for naturmangfald og friluftsliv. Ved å ikkje bygge ned dette arealet unngår ein utslepp av klimagassar tilsvarande det årlege utsleppet frå all vegtrafikk og anna mobil forbrenning i kommunen i 2022 (kjelde: Miljødirektoratet).

Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga viser på ein systematisk og god måte korleis utgreidd arealbruk er i tråd med måla og arealstrategiane i samfunnsdelen til kommuneplanen. Vi gjer likevel kommunen merksam på at det er ikkje lov å iverksette tiltak som forringar tilstand i vassførekomstane, jf. § 12 i vassressurslova. Konsekvensutgreiinga manglar konkrete vurderingar etter § 12

Plankart

Plankartet skal vise innhald og rettslege verknader av planen på ein klar og eintydig måte, jf. kart- og planforskrifta § 9. Det er noko vanskeleg å tolke kva for spesielle føresegnar som skal gjelde for dei konkrete arealføremålsområda, sidan føresegnene ikkje viser til påskrifta (kortnamn+nummerering) i kartet for dei ulike føremålsområda. Til dømes skil føresegn § 5.2 mellom fritidshus/hytter (§ 5.2.1) og rorbuer (§ 5.2.2), men kva for areal desse føresegnene gjeld er ikkje eintydig.

Omsynssoner er vist i temakart som vedlegg i pdf.-format til planen. Omsynssoner skal nyttast saman med arealføremål, og skal visast i den digitale arealplanen, jf. kart- og planforskrifta § 10. Omsynssonene kan ha ulike lag i same vertikalnivå. Vi har **motsegn** inntil bruken av arealføremål og føresegnar er i tråd med kart- og planforskrifta.

Føresegnar

Det er utarbeidd ei rekke føresegn til arealdelen. Føresegna er detaljert og omfattande utforma.

Innhaldet i føresegna skal ligge innanfor rammene av det som følgjer av pbl. §§ 12-7 flg. Det er positivt at det er satt inn ei tilvising til kva som er heimelsgrunnlag for kvar einskilde føresegn.



Føresegn til arealdelen er juridisk bindande og sett rammene for kva som er lovleg framtidig arealbruk. Dette inneber for det første at det gjennom føresegn skal vere endeleg avklart kva som er lovleg arealbruk. Det skal ikkje vere behov for nærmare avklaring etter skjønnsmessige vurderingar. Føresegn skal vidare vere utarbeidd på ein eintydig og klar måte, slik at det ikkje er rom for fleire tolkingar og misforståingar.

I forslag til føresegn ser vi nokre eksempel der det er lagt opp til at nærmare avklaring av arealbruk må skje etter ei skjønnsmessig eller konkret vurdering. Det gjeld til dømes §§ 1.4.1 bokstav d og e, 3.2 bokstav b, 4.8.1 bokstav c. Her vil vi rå til at føresegna blir endra eller supplert med retningslinjer som gir føringar for den skjønnsmessige vurderingane.

Det skal ikkje gis føresegn for meir enn det som er naudsynt for å avklare arealbruken. Dette inneber at det i føresegna ikkje er naudsynt å vise til eller referere lovkrav som uansett følgjer av anna lovverk (lov- eller forskrift). Det skal heller ikkje gis føresegn som inneheld informasjonstekst med tilvising til anna lovverk. Dette bør takast ut av føresegna og heller takast inn som informasjon eller retningslinjer. I forslag til føresegn ser vi fleire eksempel på at innhald frå lov- eller forskriftstekst er tatt inn. Det gjeld til dømes §§ 3.1 bokstav a og b, 4.4, 3.6 bokstav a og b.

Vi ser også at det i føresegn § 6.3.2 bokstav m er gitt ein slags dispensasjonsliknande regel. Her vil vi peike på at det er berre pbl. § 19-2 som kan gi heimelsgrunnlag for dispensasjon. Føresegna i § 6.3.2 bokstav m må endrast eller takast ut.

Vi ser også einskilde føresegn som er i strid med plan- og bygningslova, og desse må takast ut. Det gjeld §§ 2.2.2 bokstav b, f, g, 8.1 bokstav b nr. 3. Vi har **motsegn** til desse føresegnene. Sjå fleire merknader til § 2.2.2 under avsnittet «Byggegrense langs sjø» nedanfor.

I § 5.1.1 bokstav b er det gitt føresegn som seier noko om berekning av utnyttingsgrad. Her vil vi vise til at berekning av utnyttingsgrad er uttømmende regulert av byggt teknisk forskrift (TEK17) kapittel 5.

Vi ser vidare at det i ein del av føresegna er gitt føringar for vidare reguleringsarbeid. Det gjeld til dømes §§ 5.1, 5.2.1, 5.2.2, 5.10.3. Det er ikkje høve til gjennom kommuneplan å gje føresegn som vil vere direkte juridisk bindande for anna planlegging. Føringane for vidare reguleringsarbeid bør takast ut av føresegna og inn som eigne retningslinjer.

Til sist vil vi peike på at det i allmenne føresegner om plankrav i § 1, i tillegg kan vere nyttig med ei oversikt over alle spesielle føresegner som seier noko om plankrav.

Naturmangfald – artar, naturtypar og økosystem

Det er eit nasjonalt miljømål at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenestar, ingen artar og naturtypar skal ryddast ut, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast. Gjennom Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 forventar Regjeringa at kommunane gjennom planlegginga bidreg til langsiktig varetaking av verdfulle naturområde, landskap og viktig naturmangfald, og sikrar god miljøtilstand i vatn og vassdrag. Kommunen si rolle knytt til bevaring av natur er understreka i den nye naturmeldinga [Meld. St. 35 \(2023–2024\) Bærekraftig bruk og bevaring av natur — Norsk handlingsplan for naturmangfold](#).



Området ligg i ein del av strandsona med fint landskap og ein vakker natur. Arealet lengst aust omfattar ei mindre strandeng som er raudlista som ein sårbar (VU) naturtype. Strandenga er i god tilstand, og er del av eit større strandeng-kompleks i Sjøholmvågen. Strandenger er viktige næringssøksområde for vadefugl og som karbonlager.

Vi rår frå naustområdet ABA4 som føreset at det må fyllast ut eit relativt stort område i sjø, for å kunne få plass til naust på arealet. På Sjøholmen og Brennholmen bør ein kunne utnytte allereie avsett byggeareal i vest på ein betre måte før ein utvidar austover. Vi har **motsegn** inntil svaberget med raudlista og trua strandeng er tatt ut av utbyggingsområdet.

FB159 – fritidsbustader Hustad – Malevegen

Området skrånar mot sjøen og vil ligge rett ved grensa til Hustadbukta naturreservat, som er eit elveoslandskap og ein variert havstrandlokalitet med trua naturtypar som strandenger og sanddynemark, samt eit rikt fugleliv. Ein sentral del av vernegrunnlaget er førekomsten av det sjeldne plantesamfunnet strandreddik-forstrand. Dei naturfaglege og landskapsmessige verdiane i området er store, og ei utbygging vil kunne få negative verknader for verneverdiane i naturreservatet, og vi har **motsegn**, jf. naturmangfoldlova § 49.

FTU4 – fritids- og turistføremål Gådalsvatnet

Det er foreslått å omdisponere om lag 18 dekar LNF til fritids- og turistføremål ved sørenden av Gådalsvatnet. Her er noko tilrettelegging ved vatnet nord for vegen i dag. Gådalsvatnet er ein rik kulturlandskapssjø (verdi C). Sør for vegen omfattar arealet om lag 15 dekar myrareal, som består av viktig kystmyr (verdi B) med innslag av nedbørsmyr med opptil 1,5 meter høge torvtuer. Området vart kartlagt etter DN-håndbok 13 i 2008, og vert rekartlagt etter ny kartleggingsmetodikk for naturtypar (NiN) i år. Resultata frå denne kartlegginga er ikkje klar, men vi antar at det vil finnast nær trua og trua myrtypar innafor foreslått utbyggingsareal.

Utnytting av myra til turisme- og aktivitetsområde vil føre til skade på naturmangfald av nasjonal og regional forvaltningsinteresse, og til utslepp av klimagassar frå myra. Diverre er det i følge flyfoto i løpet av 2022 grøfta i delar av myra. Vi kan ikkje sjå at vi har hatt ei sak på høyring om dette. Grøftinga bidreg til å drenere ut vatnet og øydelegge myra, og bør tettast snarast råd.

Det bør vere tilstrekkeleg areal til føremålet ved vatnet, der det allereie er aktivitet i dag. Parkering bør ikkje leggst her, men for eksempel ved vegkrysset i aust for å unngå uønskt køyring og behov for parkeringsareal på myr.

Vi har **motsegn** til arealet sør for vegen på grunn av konflikt med kystmyr. Vi legg også vekt på førevar-prinsippet, jf. naturmangfoldlova § 9, fordi det er potensiale for trua artar og trua naturtypar etter NiN-metodikken her.

Område for råstoffutvinning

Det er ei nasjonal forventning frå Regjeringa om at heilskapleg masseforvaltning vert avklart i kommunale planar. I forslaget til ny arealdel til kommuneplanen er det gjort ein gjennomgang av areal avsett til masseuttak i gjeldande arealplan og forslag til nye område for uttak av massar. Det er foreslått eitt område for massedeponi.

Planforslaget inneber fleire nye uttaksområde, utan at ein konkret har vurdert ressurstilgangen i området og i kommunen i eksisterande masseuttak. I den grad dette er gjort, så går det ikkje fram av plandokumenta. Vi registrerer at fleire av dei nye områda for masseuttak er uttak som er sett i gang utan naudsynt planavklaring. I området Ås – Skråbakken/Kjørsvika er det foreslått to nye og å



vidareføre eitt aktivt masseuttak innanfor ein avstand på < 5 km. Det er ikkje sett av utbyggingsareal av vesentleg storleik i denne delen av kommunen som skulle tilseie at det er behov for mange masseuttak her. Forslaget bryt elles med prinsippet om å samle inngrep, for å redusere og kontrollere miljøbelastninga.

RU14 – råstoffutvinning Fræneidet/Stølen

Arealet omfattar naturtypane hagemark, som er raudlista som sårbar (VU) og semi-naturleg myr som er raudlista som sterkt trua (EN). Dei to naturtypane er i mosaikk med kvarandre, og det er usikkerheit knytt til naturtypane og avgrensinga av desse.

Masseuttaket vil legge beslag på om lag 20 % av arealet til naturtypelokalitetane, som er på vel 640 dekar totalt. Sidan ei det finns fleire lokalitetar hagemark og semi-naturleg myr av god lokalitetskvalitet i kommunen og fylket, og samfunnsnyttan er stor, vil vi ikkje gå i mot at det vert etablert eit masseuttak som kan dekke behovet for lokale massar i mange år framover. I følge forslag til detaljregulering, som er på høyring, er det planlagt eit uttak av ca. 1 932 500 m³ masser over 40 år, noko som tilsvarar masseuttaket til Molde Pukkverk i Årødalen.

Utforming og miljøkrav knytt til masseuttaket vil avklarast i den pågåande reguleringsplanprosessen. Her vil vi ha særleg fokus på overvasshandtering og støy i forhold til omgjevnadane og friluftslivet.

RU4 – råstoffutvinning og ABA7 - deponi Vestadvågen/Råkhaugen

Masseuttaket er foreslått i eit ope kulturlandskap med gode visuelle kvalitetar, og som er utan vesentlege inngrep. Masseuttaket og deponiet fører til at kystlynghei av svært høg verdi, og som er utvald naturtype etter naturmangfaldlova, vert varig endra. Konsekvensutgreinga viser stor negativ konsekvens for tema naturmangfald og naturverdiar.

Massedeponi bør lokalisast til areal der det allereie er inngrep. Dette uttaksområdet er av avgrensa storleik, og det er korte avstandar til andre masseuttak, som på Indre Harøy og Ås steinbrudd. Samfunnsnyttan er etter vår vurdering avgrensa, jf. naturmangfaldlova § 14. Vi har **motsegn** til både deponi og masseuttak.

RU5 – råstoffutvinning Stavika/Skråbakken

Masseuttaket på 160 dekar kjem i direkte konflikt og vil føre til varig tap av ein lokalitet av den utvalde naturtypen (UN) kystlynghei. Kystlynghei er også raudlista som sterkt trua (EN). I sør og aust vil masseuttaket kome i konflikt med sørleg nedbørsmyr, som er raudlista som nær trua (NT), og i aust med sårbar (VU) terrengdekkande myr. Naturmangfaldet i den sørlege nedbørsmyra er stort, og det er avgjerande for det biologiske mangfaldet i myra at det ikkje vert gjort inngrep som senkar grunnvasstanden og reduserer tilsiget av vatn. Vidare omfattar arealet ein mindre vassførekomst.

Det er allereie tatt ut massar i delar av området. Utviding av uttaksområdet austover vil kome i direkte konflikt med naturmangfald av nasjonal og vesentleg regional forvaltningsinteresse. Det finns anna alternativ for uttak av steinmassar i nærområda. Masseuttak i myr vil òg kunne gje vesentlege klimagassutslepp. Vi har derfor **motsegn** til RU5. Det er behov for godkjente deponiområde i kommunen. Eigna etterbruk av arealet som allereie er sprengt ut, kan vere massedeponi. Det må i så tilfelle stillast krav om detaljregulering.

RU6 – råstoffutvinning Stavik/Åsvegen

Dette er eit mindre uttaksområde, i kort avstand til Ås steinbrudd. Arealet består av grunn myr (AR5). Området er ikkje kartlagt for naturtypar, men basert på tilgrensande NiN-kartlegging i 2019, der det vart kartlagt både terrengdekkande myr (NT) og sørleg nedbørsmyr (VU), vi antek det er potensiale



for at har er trua naturtypar i området. Det er elles registrert knekkand (EN) knytt til myr- og våtmarksområda i bakkant. Denne lia har også verdi for hekkande rovfugl i nærområdet. Vi legg vekt på føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, og at samfunnsnyttan er vurdert som liten då det er tilgjengelege masseressursar i godkjente steinbrot i nærområdet, jf. naturmangfaldlova § 14. Masseuttaket kan få vesentlege verknader for naturmangfald og klimagassutslepp, og vi har **motsegn** til RU6.

Omsynssone H910: NÆ103 og NÆ104 - næringsareal Varholmyrane og V22 - Varholvegen

Det er foreslått å vidareføre reguleringsplan for industri på Varholmyrane og for Varholvegen. Reguleringsplanen for Varhol industriområde er ein eldre reguleringsplan vedtatt i 1991 som flateregulering etter plan- og bygningslova av 1985. Delar av området i sørvest er bygd ut, medan større delar av området ikkje er realisert. Reguleringsplan for Varholvegen trådte i kraft i 2016 og er regulert etter pbl. 1985. Vegen er ikkje bygd.

Våtmarksområda på Valholmyrane mot Fræneidet har store naturfaglege kvalitetar, og eit areal aust for næringsområdet er verna som naturreservat som del av verneplan for myr. Varholmyrane vart NiN-kartlagt i 2022 som *terrengdekkande myr*, ein naturtype som er oppført som sårbar (VU) i Norsk rødliste for naturtyper 2018. Lokalitetskvaliteten er *svært høg*, fordi myra er i god tilstand og naturmangfaldet er stort, med funn av sjeldsynte artar som stor-arten brunskjene (VU). Her er òg innslag av naturtypen *rik, opa sørleg jordvassmyr*, som er raudlista som sterkt trua (EN). Begge lokalitetane er av *svært høg* kvalitet, med god tilstand og stort naturmangfald.

Regulert Varholveg kryssar gjennom den terrengdekkande myra, ein mindre lokalitet rik, opa sørleg jordvassmyr, restar av naturtypen *flomskogsmark* (VU) og *viktig bekkedrag* (verdi A) langs Moaelva.

Vi viser til vårt brev til kommunen den 7. desember 2022, der vi peika på kor viktig det er å oppretthalde hydrologien i nedbørsfeltet til Seterelva og Moaelva, for å vareta økosystema både i våtmarksområda og vassdraga. Vi viser også til at Regjeringa i sine Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (kgl. res. 20. juni 2023) pkt. 53 forventar at «*viktig naturmangfald (...) blir kartlagde og sikra i planlegginga*», og i pkt. 60, at «*planlegginga bidreg til å sikre naturverdiar og god tilstand i vatn, blant anna ved å unngå å planleggje for byggjetiltak i våtmark når det finst gode alternativ*».

Vidareføring av reguleringsplan for næringsareala (NÆ103, NÆ104) og Varholvegen (V22) vil føre til alvorleg miljøskade på naturmangfaldet i strid med nasjonale miljømål og naturmangfaldlova §§ 4 og 5, og vi har **motsegn**.

Omsynssone H910: ABA27 - regulert naustområde - Einsetvågen

Området vart kartlagt for naturtypar (NiN-kartlegging i verneområdet) i 2018. Langs strandsona er det registrert *seminaturleg strandeng*, som er raudlista som ein sterkt trua (EN) naturtype. Strandenga utgjer den naturlege kantvegetasjonssona til Einsetvågen/Nåsvatnet dyrefredingsområde, som har som føremål å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv. Her er det forbode å endre fuglane sitt livsmiljø.

Reguleringsplanen frå 1993 opnar for bygging av naust innafor verneområdet og i den sterkt trua naturtypen. Vi har med heimel i §§ 4, 48 og 49 i naturmangfaldlova, **motsegn** til at arealdelen vidarefører den delen av reguleringsplanen som ikkje er utbygd av omsyn til naturmangfaldet og verneverdiane.

Føresegn § 7.2 – turveg, turstiar



I planforslaget er det lagt opp til å legge inn areal for turvegar/ turstiar i nokre få område konkretisert i planføresegna § 7.2 med retningslinjer. Denne lista samsvarar ikkje med plankartet. I tillegg ligg det inne fleire samferdselslinjer (pbl. § 11-7 nr. 2) som truleg «heng att» frå gjeldande arealdel til kommuneplanen. Dette gjeld fleire område, som til dømes turvegtrasè til Kjølavatnet og over Aurehamaren i Aureosen. Vi rår til at ein ryddar i plankartet og tar ut desse trasèane som er regulert som samferdselslinjer i planen. Fleire av desse er konfliktfylte å bygge av omsyn til naturmangfaldet.

Omgrepet turveg omfattar høgare standard enn turstiar, og det er ikkje gitt at det skal byggast turvegar eller turstiar over alt. Ei anbefalt tilnærming er at tilretteleggingsgraden er størst nær der folk bur. Det er heller ikkje gitt at alle byggemetodar passar over alt, og fangar opp alle forhold som skal varetakast. Dette kan t.d. vere ulike vegetasjonstypar med ulike toleevne for slitasje, og om naturmangfaldet er trua og sårbart for forstyrring og nedbygging. Det kan også vere forhold knytt til klimatilpassing, som flaum og auka vassføring i elvar og bekkar. Eit eksempel er lyssetting rundt Gådalsvatnet, noko som i ulik grad vil påverke både plante- og dyrelivet - både på land og i vatnet - og slik rokke ved balansen i økosystemet. Turveg her med 2,5 meter breidde vil òg vere skadeleg for kystmyr med innslag av høgmyr. Vi vil difor rå frå at ein gir utfyllande generelle føresegnar til bygging av turvegar i LNF-område. Slik føresegnene til turvegar/turstiar i § 7.2 er utforma, er det risiko for at det kan oppstå skade på viktige naturmangfald og at tiltaket elles ikkje er tilpassa eit klima i endring. Det er elles uklart kva for arealføremål føresegnene i § 7.2 gjeld for, då desse er generelle føresegnar til arealføremålet «grønstruktur» medan innteikna turvegar i plankartet ligg i «LNF-område».

Vi har **motsegn** til at plankartet viser fleire samferdselslinjer for framtidige turvegar og til føresegna § 7.2, som kan medføre at det vert bygd turvegar som gir skade på naturmangfald av nasjonal og vesentleg forvaltningsinteresse utan ei forsvarleg arealavklaring etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova, jf. § 7.

Kommunen bør vurdere å gje generelle miljøkrav om tilrettelegging for friluftsliv i område der friluftsliv er prioritert som friområde i kartet og som omsynssone friluftsliv. Her rår vi til at ein vurderer å setje av fleire av dei mest viktige friluftslivsområda utanfor tettbygd strom som omsynssone friluftsliv. Ein kan til dømes velje ut kartlagde markaområde og mykje brukte turområde med særskilte opplevingskvalitetar i strandsona. Verktøyet [Enkelt søk i Naturbase](#) er nyttig i arbeidet med ei slik prioritering.

B43 – bustadområde Vevang

Området består av sterkt trua (EN) kystlynghei, men kvaliteten på kystlyngheia gjer at lokaliteten ikkje oppfyller kriteria for å vere ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Vidare råkar bustadfeltet noko av areal med geologisk arv (øyegneis) på høgdedraget.

Det er positivt at ein har tilbakeført delar av det viktige høgdedraget til LNF. Men ny busetnad må òg trekkast ned i terrenget av omsyn til natur- og friluftslivsinteressene. Vi foreslår at kraftlinja kan vere grense mot sør og sti gjennom området kan vere grense mot vest.

B164 – bustadområde Malmefjorden – Tømmervegen

Området strekkjer seg inn i utmarka bak eksisterande bustadfelt, og blir ei naturleg utviding av bustadområdet. Området er utmarksbeite i dag, og består av ein mosaikk av landbruksvegar, plantefelt, beite, myr og naturskog.



I samband med regulering av feltet må ein sikre miljøkvalitetar som bekkar, myr og habitat for hakkespettar, samt dagens friluftslivsruter. Vi rår derfor til at myrflatene sør/aust i området vert endra til LNF-føremål, og bekkane sentralt i området vert vist med eige arealføremål/omsynssone.

B383 – bustadområde og parkering Bud

Kystlandskapet i Bud har stor verdi og er av nasjonal forvaltningsinteresse. Det vil vere viktig å halde areal og landskapsrom mellom busetnaden og storhavet opne gjennom siktlinjer. Vi har ikkje særlege merknader til at ei forsiktig fortetting av området med bustader og legg til rette for offentlig parkering, men både omsynet til landskap og friluftslivet må sikrast i detaljplanlegginga av ny arealbruk. Området er avgrensa i nord av eitt høgdedrag. Dersom dette høgdedraget vert bygd ut, vil busetnaden bli svært dominerande i landskapet. Vi rår til at ein trekk utbyggingsgrensa sør for høgdedraget og stiller krav om opne siktlinjer frå vegen til havet og felles reguleringsplan for heile området før utbygging.

Omsynssone H510 - landbruk

Omsynssonene for landbruk dekkjer store, samanhengande areal, og omfattar areal som er verna etter naturmangfaldlova (del av Nås dyrefredingsområde og Hostadvatnet naturreservat), sårbare (VU) og sterkt trua (EN) naturtypar i myr og langs vassdrag, og udyrka karbonrike areal i skog og myr (jf. AR5). Det går ikkje fram av planen korleis ein har vektla omsynet til landbruket ved fastsetting av omsynssonene høve nasjonalt viktige naturverdiar, jamfør naturmangfaldlova § 7.

Samla belastning på våtmarksområda og vassdragsnaturen som følgje av landbruksdrifta i kommunen er stor, og det er lite som tyder på at arealpresset vil avta. Vi rår til at ein endrar omsynssonene for landbruk slik at dei er samordna og avklarte i høve andre nasjonale og viktige regionale interesser på miljøområdet. Omsynssona må trekkast utanfor område som er bandlagde etter naturmangfaldlova. Vi viser også til merknaden under knytt til vassdrag og vassmiljø der vi rår til eigne omsynssoner for naturmangfald langs vassdrag.

Vassdrag og vassmiljø

I vår fråsegn til varsel om oppstart av planarbeidet anbefalte vi at kommunen sett ei byggegrense mot vassdrag. Breidda på byggegrensa langs vassdraga må fastsettast etter ei konkret vurdering etter ulike kvalitetar i vassdraga. Mange av vassdraga i kommunen er sårbare for endringar i vassføringa, der inngrep langt frå hovudelva vil kunne påverke.

Føresegnene knytt til byggegrenser langs vassdrag i kommuneplanen er til dels vanskeleg å få oversikt over, og kan med fordel samlast under eitt. Eksempelvis er det fastsett byggegrenser langs vassdrag i føresegn § 9.1 knytt til arealføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» (pbl § 11-7 nr. 6). Plankartet har ikkje dette arealføremålet på land langs elvar, og føresegna har såleis ikkje kopling til plankartet. Byggegrensa på 20 meter langs «bekkar» under bokstav a) tredje kulepunkt er dermed ikkje bindande.

Vi stiller oss bak NVE sitt forslag i brev datert 12. september 2024 til bruk av arealføremål, omsynssoner og føresegner i og langs vassdraga.

I tillegg ber vi om at naturtypar og kantsoner som naturleg høyrer til vassdraget, som flaummarkskog, meanderar og kroksjøar, myr og viktige bekkedrag vert vist som omsynssoner for «naturmangfald» med tilhøyrande retningslinjer, jf. pbl § 11-8 bokstav c). Også viktige naturområde langs vassdraga for friluftslivet bør visast med omsynssoner.



Omsynssonene *må* gå fram av det digitale arealplankartet, jamfør § 10 i kart- og planforskrifta.

I planforslaget er det sett ei byggegrense på 50 meter langs større vassdrag i § 2.2.1 bokstav b) med unntak for mellom anna naudsynnte bygningar i landbruket, jf. bokstav c). Det går derimot ikkje fram kva vurderingar som ligg bak byggegrensa og unntaka. Retningslinjene er også svært uklare på dette punktet. Mange av vassdraga i kommunen har store naturverdiar knytt til seg, og er samstundes under arealpress og negativ påverknad mellom anna frå jordbruksdrift, som Farstadelva og Hostadvatnet som har *moderat økologisk tilstand* (jf. Vann-nett) på grunn av organisk forureining frå landbruket. Eit slikt generelt unntak for landbruksbygg og anlegg tett på vassdraga vil kunne føre til ytterlegare skade på vassdragsnaturen og vassmiljøet, og må takast ut av føresegnene.

Vi fremmer **motsegn** inntil det er gjort ei utgreiing av, og fastsett byggegrense mot vassdrag som varetar miljøinteressene, og unntaket frå byggegrense mot vassdrag for landbruksbygg er tatt ut av føresegnene, jf. rundskriv T-2/16 pkt 3.6 og 3.7, jf. pbl. § 1-8.

Naust langs vatn og vassdrag

Ei generell opning for naust på 45 m² og dobbeltnaust på 100 m² langs innlandsvatn og vassdrag er for vid. Normalt er det ikkje behov for større naust ved vatn enn 12-20 m². Inntil det er gjort ei konkret vurdering av nauststorleik ut frå det konkrete vassdraget og kva for type båt eller motorbåt som lovleg kan nyttast, har vi **motsegn** til føresegna.

NÆ48 og NÆ49 – næring Sylte – Fræneidet

Den sørlegaste delen av føreslått byggeområde (NÆ49) kjem i konflikt med Moagrova og vassdragsmiljøet knytt til vassdraget Moaelva/Sylteelva. Moagrova har lakseførande (anadrom) strekning, og det er registrert fleire potensielle gyteplassar for sjøaure rett nedstraums føreslått næringsareal. Norske laksebestandar er i svært dårleg tilstand, og sjøauren slit i fylket vårt. Laks er raudlista som nær trua (NT). Det er ikkje lengre politikk å lukke vassdrag og vassvegar, og det vert i staden nytta betydeleg med statlege midlar til å opne eldre bekkelukkingar. Moaelva/Sylteelva er eit viktig vassdrag for laksefisk, og den økologiske funksjonen til Moagrova må sikrast i planen.

P3 – parkering ved Teppinga/Anders Sandvigs veg

Dette parkeringsarealet er vidareført frå gjeldande arealdel. Kommunen bør vurdere arealet opp mot viktige omsyn som vassdrag og vassmiljø. Parkeringsarealet ligg like ved Teppinga, som er eit lite våtmarksområde med verdi for sjeldne fugleartar. Vidare ligg arealet over vassdraget Sandvikgrova, og vi kan vanskeleg sjå korleis ein kan opparbeide arealet utan at vassdraget vert råka. I følgje Vann-nett har denne bekken *god* økologisk tilstand, og det kan ikkje settast i verk tiltak som reduserer tilstanden i strid med vassforskrifta.

Strandsone

Naust – føresegner

Føresegn § 5.10.3 opnar for at naust kan førast opp som enkeltnaust på 45 m² og dobbeltnaust på inntil 100 m² med to møner. Mønehøgde er sett til 6 meter.

Statsforvaltaren har utarbeidd råd om og døme på føresegner om naust i kommuneplanar. Planar som legg desse råda og føresegnene til grunn, vil etter vårt syn vere i samsvar med nasjonal strandsonepolitikk. Når det gjeld storleik og utforming av naust, fokuserer Statsforvaltaren på tilhøve som er viktige for å sikre at naust vert nytta som uthus og ikkje som fritidsbustad/bustad. Det viktigaste enkeltelementet i den samanheng er avgrensing av storleik, og vi rår til at kommuneplanar generelt ikkje opnar for etablering av naust med eit bygd areal på meir enn 40 m²



(BYA) og ei mønehøgde over 5 meter. Råda er fastsett for å sikre ei langsiktig og berekraftig forvaltning av arealbruken i kystsona med omsyn til ålmenne interesser, jf. det generelle byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8.

Vi har **motsegn** til føreseigna som opnar for dobbeltnaust. Vi rår elles til lågare mønehøgde i samsvar med våre naustråd.

Byggegrense langs sjø

Føreseigna § 2.2.2 fastset reglar for byggetiltak i 100-metersbeltet langs sjøen og byggegrenser mot sjø. Fleire av desse er utfordrar føremålet med strandsonevernet;

- Bokstav b) seier at byggegrense mot sjø skal følgje offentleg veg der denne ligg nærare sjøen enn 100 meter. Ikkje alle vegar ligg parallelt med strandlinja, og er heller ikkje samanhengande. Vegane kan skifte status frå offentleg til privat veg i planperioden. Det er ikkje vist kva for konkrete strandsonerinteresser som gjer seg gjeldande, og som ligg til grunn for denne byggegrensa. Fastsetting av byggegrense mot sjø skal følgje av eit kartlegging av strandsonerinteressene og den funksjonelle strandsona.
- Bokstav d) er ei opprømsing av lovteksten, utan å ta konkret stilling til kav type anlegg og opplag som kan tillatast.
- Bokstav f) er i strid med korleis lova skal praktiserast, og set i praksis til side Sivilombodet og departementet si lovtolkning. Byggegrense må fastsettast i kommuneplanen sin arealdel.

Vi har **motsegn** inntil det er gjort ei utgreiing av, og fastsett byggegrense mot sjø som varetar ålmenne strandsonerinteresser, jamfør Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, og føresegnene er innafor dei juridiske rammene til lova.

Bokstav a) følgjer av lova, og er overflødig.

Bokstav e) er ein regel som skal gjelde utanfor byggeforbodssona langs sjø, og er eit utgreiingskrav som følgjer av vassforskrifta.

ABA6 – naust Vestad/Hå Sundet

Det er foreslått å omdisponere friområde til naust. Friområde er eit arealføremål for grøne areal til ålmenn bruk og opphald. Friområdet har også avgrensa med areal som i dag er eigna for opphald ved sjøen. Strandsona i området er i dag lite tilgjengeleg som følgje av bygningar og veg heilt i sjøkanten og utfyllingar i sjø. Å opne for endre fellesareal til private naust vil dermed føre til at tilgjengeleg strandsoner vert bygd ned. Vi kan ikkje sjå at det finns tilgjengeleg strandsonerareal for ålmenta i nærområdet til busetnaden. Området har derfor stor ålmenn interesse, og vi har **motsegn**.

Landbruk

Kommunen har laga ei plan som i det store varetek landbruksnæringa sitt behov for langsiktig arealressursforvaltning, og følgd målsettinga til nasjonalt og regionalt jordvernmål. Vi har likevel nokre innvendingar til arealbruken.

B158 – bustad Eide - Krakelivegen

Fortetting og delvis utviding av eksisterande bustadområde. Vi har **motsegn** til utviding av bustadområdet i det sørvestlege hjørne nærast hovudvegen. Dette er del av eit større, samanhengande landbruksområde/beite. Resterande avsett areal er av ein slik storleik at det bør kunne ivareta framtidig bustadutvikling i lang tid.



IDR11 – Idrettsanlegg Haukås – Dalelia

Stort, samanhengande landbruksareal som er ønska omdisponert til idrettsanlegg. Konsekvensutgreiinga gir ingen innsikt i kva konsekvensar tiltaket faktisk vil medføre, bortsett frå sjølve arealbeslaget, eller behovet for meir idrettsanlegg. Matprodusenten må i dag leige jord for å ha nok fôr, nedbygging av landbruksareal kan føre til nedlegging av drifta. Vegen Dalalia bør oppretthaldast som utbyggingsgrense mellom sentrum i vest og mot landbruksområde i aust. Vi har **motsegn** til IDR11.

LSB19 – spreidd bustad, Nås/Øyen – Ugelstad

Området der det er tiltenkt to nye bustadar. Jamfør føresegna § 8.2 bokstav b til LNF-spreidd bustad, skal det ikkje gis løyve til frådelling eller tiltak på dyrka mark, dyrkbar mark, samanhengande innmarksbeite eller samanhengande skogsområde med høg bonitet. Det skal avsettast ein buffersone på minimum 25 meter mellom ny eigedom og dyrka mark. Bokstav d viser til at tilkomstvegar så langt som mogleg skal leggst til eksisterande vegar, og nye vegar skal ikkje gå over dyrka mark. Ca. halve arealet på LSB19 er dyrka mark og buffersone til denne, og det kan verte utfordrande å kome seg til utbyggingsareal utan konflikt med dyrka mark. Plankartet er slik sett misvisande med tanke på areal som kan vere aktuelt for utbygging, og dette er uheldig for forståinga av kommuneplanen. Vi har **motsegn** til dyrkamarka er utelate frå LSB19.

LSB22 – spreidd bustad, Eide – Silneset

Same argument som på LSB19. Størstedelen av arealet er enten dyrka mark eller elv/bekk. Og med avstandskrav til både dyrka mark og vassdrag, kan det vere utfordrande å få plass til fleire bustadar på dette området. Vi har **motsegn** til LSB22.

LSB23 – spreidd bustad, Eide – Silnesmyran

Litt av same argumentasjonen som på LSB19. Men det kan vere mogleg med ei tomt eller to på skogarealet lengst nord. Vi har likevel **motsegn** fram til dyrka marka utgår frå LSB23.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima

B22 og B25 – bustadområde på Elnestangen

Dei to bustadområda B22 og B25 ligg meir enn 2 km frå sentrum av Elnesvågen, langs ein smal veg utan gang -og sykkelveg. Dei samla utbyggingsareala er store, og det kan potensielt kome mange bustader her, noko som vil generere mykje bilbasert transport, og utrygg veg til skule og fritidsaktivitetar for born og ungdom.

Begge områda vil føre til satellitt-utbygging i strid med nasjonale mål for samordna areal og transportplanlegging, som legg vekt på langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Nye utbyggingsområde skal også styrast mot sentrumsområde. I kommuneplanen sin samfunnsdel har kommunen eit mål om å planlegge areal og transport slik at klimagassutsleppa blir minst mogelege. Både B22 og B25 utfordrar måla i samfunnsplanen, og vil kunne undergrave kommunen si satsing på sentrumsplanen, ved at desse to områda kan vere enklare å legge til rette for utbygging, og at ei bustadutbygging såleis kan kome her først.

Særleg er område B25 negativ, som er lokalisert lengst unna sentrum, og som tar hol på eit urørt naturområde med myr og skog, samt vil endre landskapskarakteren til Elnestangen. Området er ikkje kartlagt for naturmangfald, så vi kjenner ikkje til kva for biologiske verdiar som finns i området.



Område B25 var gjenstand for mekling den 11. september 2014 i samband med kommuneplanen sin arealdel for Fræna. Meklingsresultatet innebar at bustadfeltet - som den gongen hadde nemninga B301 - vart tatt ut av planen. Vi ser no at dette området likevel har blitt liggande inne i plankartet etter meklinga. Området skulle dermed vore konsekvensutgreidd, og behovet for store bustadfelt utanfor sentrum skulle vore dokumentert.

Vi har **motsegn** til B22 og B25.

Omsynssone 910: NÆ78 – næringsareal på Nerland

Det er foreslått å vidareføre eldre reguleringsplan for næring på Nerland. Denne planen vart vedtatt som flatereguleringsplan i 1984. Næringsarealet, som utgjer mellom 100 og 120 dekar, er ikkje bygd ut.

I vår vart det varsla oppstart av detaljregulering av området til biogassanlegg og mottak av avløpslam. Vi varsla motsegn til planen sidan etablering av eit nærings- og industriyngdepunkt i denne delen av kommunen vil vere i konflikt med Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging. Næringsetablering her vil også kunne kome i konflikt med born og unge sine interesser knytt til bruken av idrettsanlegget ved Brynhallen og skuleveg. Vi peike også på at planen vil kunne føre til nedbygging av viktige naturverdiar som vi ikkje har kunnskap om på grunn av manglande systematiske naturkartleggingar, jamfør føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9. Vi veit at større delar av arealet er myr, og at ei utbygging vil føre til klimagassutslepp.

Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging stiller krav om at potensialet for fortetting og transformasjon skal kartleggast og bør utnyttast før nye byggeområde vert tatt i bruk, jf. pkt 4.3 og 5.3. Vi kan ikkje sjå korleis dette er vurdert i planen. Vi har **motsegn** til at næringsområdet vert vidareført.

NÆ121 – næringsareal Åsvegen

Konsekvensutgreiinga gir ikkje informasjon om kva for føremål nytt næringsareal ved Åsvegen skal nyttast til i framtida. Det er derfor vanskeleg å få klarheit i kva som er arealbehovet og samfunnsnyttan. Vi ser at arealet kan ha ei grei plassering i høve teknisk infrastruktur og nærleik til Elnesvågen. Likevel vil dette området bidra til å legge beslag på eit større utmarksområde med myr, produktiv skog og vassdrag utan at alternativ er vurdert, som å redusere arealet og ta ut tilsvarende dekar næringsareal anna stad i kommunen.

Planlegging skal vere realistisk i høve arealbehovet i planperioden på 12 år. I arealrekneskapen til kommuneplanen (s. 192 i KU-en) går det fram at det vert foreslått å sette av 1297 dekar nytt næringsareal, derav 1000 dekar ved Åsvegen bak Klempertåsen. 553 dekar industri- og utbyggingsareal vert foreslått tilbakeført til LNF. Dette gir kommunen nye 844 dekar næringsareal i tillegg til det som alt er avsett til næring i arealplanar. I følgje arealrekneskapen (frå Møre og Romsdal fylkeskommune) er arealreserven for næring på 1798 dekar. Det vil seie at kommunen allereie har ein stor arealreserve som ikkje er utnytta til næring i gjeldande plan. Med ny kommuneplan vil dette arealet auke med over 800 dekar.

Forslaget synest å innebere ei omdisponering av Ås steinbrudd til anna føremål. Det går klart fram av denne planen og andre saker i kommunen siste tida, at det er stor etterspurnad etter eigna masser. Det er uheldig om ein ikkje utnyttar dei ressursane som ligg innafor dette steinbrotet før ein opnar nye masseuttak i meir konfliktfylte areal.



Kommuneplanen bør trekke langsiktige grenser mellom tettstadsområda og store samanhengande LNF-område, jf. pkt. 4.1 i Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (SPR BATP). Planretningslinjene pkt. 4.7 peikar på at det skal takast omsyn til overordna grønstruktur, forsvarleg overvasshandtering og viktig naturmangfald.

Området er ikkje kartlagt for artar eller naturtypar, og det må ved vidare planlegging av utbygging i området gjerast ei kartlegging av naturverdiane innafor heile området. Vi vil særleg peike på at her er større myrareal og vassdrag. Dette er økosystem som kommunane er pliktige til å ta omsyn til.

Vi rår til at kommunen gjer ei ny vurdering av arealbehovet her, og vurderer å redusere arealet meir i tråd med forventa arealbehov i planperioden. Vi ber også om at det vert stilt krav om felles planlegging, etappevis utbygging og at området ikkje kan opparbeidast eller planerast før det er detaljregulert og gjeve byggeløyve.

Senterstruktur og kjøpesenter

Føresegn § 5.4 viser til Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter. Denne vart oppheva i 2018.

Dersom kommunen ynskjer å legge liknande rammer for detaljhandelen utanfor sentrumsområda, rår vi til at ein innarbeider dette som føresegnar til planen.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

ROS-analysen

Dokumentasjon av kjelder i ROS-analysen

Kommunen har vald å gjennomføre ROS-analysen til kommuneplanen sin arealdel som ein del av konsekvensutgreiinga. Som vi skreiv i vår fråsegn til oppstart tilrår vi at kommunen utarbeidar ROS-analysen på oversiktsnivå. Vi meiner framleis at ROS-analysen til kommuneplanen sin arealdel bør gjennomførast som eit overordna og sjølvstendig dokument, og ikkje som ein del av KU. På eit overordna plannivå har kommunen høve til å sjå farar og behov for tryggingstiltak i eit meir heilskapleg perspektiv. Det heilskaplege perspektivet på risiko og sårbarheit vert vanskeleg å sikre når ROS-analysen vert gjort som ein del av KU. Mellom anna meiner Statsforvaltaren at kommunen bør nytte høvet i kommuneplanprosessen til òg å vurdere risiko og sårbarheit for allereie utbygde/regulerte område. Er det til dømes avdekka (ny) risiko/sårbarheit som gjer det aktuelt å vurdere desse områda på ny på bakgrunn av oppdatert kunnskap?

Det er positivt at kommunen har nytta eigen heilskapleg ROS-analyse som kjelde i analysearbeidet. Elles er det ganske tynt opplyst om kva kommunen har nytta som kjelder. Har til dømes kommunen nytta dei sist aktuelle aktsemdskarta og rettleiarar? Til dømes aktsemdskart for snøskred (2023), og rettleiar [«Havnivåstiging og høge vasstandar i samfunnsplanlegging»](#) (2024). Kva med faresonekart for skredfare der desse er gjennomført i kommunen? Når vi ikkje ser kva kunnskap som ligg til grunn for krav til plassering av bygg, kan vi heller ikkje vite om krava sikrar tilstrekkeleg tryggleik.

Mykje av kommunen ligg under marin grense, og potensialet for områdeskred av kvikkleire er eit gjennomgåande tema i ROS-analysen knytt til planlagde utbyggingsområde. Planføresegn § 4.5 sikrar utgreiing av faren for områdeskred ved reguleringsplanar i område under marin grense. Kommunen kunne nytta rettleiaren [«Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) meir strategisk i denne planprosessen. Rettleiaren inneheld ein prosedyre der steg 1-3 kan nyttast til å avgrense aktsemdsområde for områdeskredfare. Kanskje er det område under marin grense der ein allereie på dette plannivået kan vurdere som tilstrekkeleg trygt for områdeskred av kvikkleire om ein følgjer desse tre stega?



For Hustadvika kommune er stormflod (inkl. havnivåstiging og bølgepåverknad) ein viktig risikofaktor i arealplanlegginga. Dette visast mellom anna igjen i ROS-analysen der stormflod er eit aktuelt tema for mange utbyggingsområde. Det kjem ikkje fram i nokre av plandokumenta om ROS-analysen har nytta sist oppdatert kunnskap og rettleiing om stormflod og havnivåstiging. Den siste rettleiaren frå DSB kom i juni 2024 på bakgrunn i nye havnivåframskrivingar og kunnskap. Kartverket har nytta rettleiaren til å [visualisere stormflod og framtidig havnivå](#) i kart. Kartet tek høgde for landheving, men bølgjer er ikkje inkludert.

Kommunen må nytte oppdatert kunnskap om havnivåstiging for å vurdere kva som er trygg plassering av tiltak i tryggleiksklasse F1, F2 og F3. Den oppdaterte rettleiaren frå DSB tilrår kommunar legge grensa for «øvre estimerte vasstand» med klimapåslag for år 2100 til grunn for å avgrense arealet der fare for havnivåstiging alltid skal vurderast i plan- og byggesaker. I tillegg er det naudsynt med lokale vurderingar for å rekne ut kor langt inn på land bølgjer kan kome. Statsforvaltaren ser at bruk av omsynssone for stormflod og havnivåstiging kan vere utfordrande å nytte på kommuneplannivå når omsynssona må ta høgde for bølgepåverknad. Dette fordi bølgepåverknad kan variere vesentleg i ulike delar av kommunen. Statsforvaltaren tilrår derfor bruk av generelle føresegner for å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod, inkludert havnivåstiging og bølgepåverknad, på kommuneplannivå.

Planføresegn § 4.1 omfattar trygging av bygg ved sjøen. Planføresegna er eit forsøk på å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-2. Vi kjem tilbake til denne planføresegna seinare under «*Oppfølging av funn frå ROS-analysen*».

ROS-analysen er mangelfull, og Statsforvaltaren fremjar **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1. Analysen må vere tydeleg og konkret på kva kjelder som er nytta. Kommunen må dokumentere at analysen tek omsyn til oppdatert kunnskap om risiko og sårbarheit for planområdet. Vi kan til dømes ikkje sjå at analysen har nytta oppdatert kunnskap om venta havnivåstiging. Vidare er føresetnadar og resonnement bak konklusjonane i analysen generelt tynt dokumentert, noko som kan vere ein følgjekonsekvens av valet om å gjennomføre ROS-analysen som ein del av KU og ikkje eit sjølvstendig dokument. Det er viktig at vurderingane og konklusjonane i analysen er tilstrekkeleg synleggjort slik at det er mogleg å etterprøve desse.

Dokumentasjon av reell risiko på siste plannivå

Det står i planskildringa at kommuneplanen mellom anna legg til rette for LNF spreidd bustadutbygging. I § 8.2 står det at innanfor dette føremålet (LNF med spreidd bustadutbygging) kan det delast ifrå og førast opp bustadhus utan reguleringsplan i samsvar med skildra krav. Eitt av krava er at ved frådeling innanfor mogleg «risikoutsatt areal» skal tilstrekkeleg tryggleik verte dokumentert av fagkunng, jf. § 8.2 bokstav g). Dersom tiltak skal realiserast direkte med heimel i kommuneplanen sin arealdel må kommunen sikre at krav om kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå er sikra gjennom kommuneplanprosessen. Dette gjeld til dømes i LNFR-område der det tillatast spreidd utbygging utan krav om reguleringsplan. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

ROS-analysen er mangelfull, og Statsforvaltaren fremjar **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1. Kommunen må sikre at reell fare vert avklart seinast på siste plannivå.

Oppfølging av funn frå ROS-analysen

Flaumfare



For større vassdrag har kommunen nytta aktsemdskart for flaum, og viser område med potensiell flaumfare med omsynssone i temakart for flaum. Vidare er det knytt planføresegn til denne sona som skal sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum. Vi har same merknad til utforminga av denne planføresegna som NVE, og viser til deira fråsegn til planen.

Skredfare

Planføresegn § 10.1.1 er knytt til «*faresone ras- og skredfare (kvikkleire)*». Formuleringa av føreseгна førar oss til å tru at den viser område med fare for kvikkleire. Når vi ser omsynssonene slik dei er teikna inn i temakartet stemmer ikkje dette. I staden ser det ut til at omsynssonene viser andre typar skredfare som snøskred, jord- og flaumskred, og steinsprang. Statsforvaltaren meiner at føreseгна er missvisande, og må rettast opp. Det må vere tydeleg kva skredfare omsynssona viser, og kva krav som gjeld for avklaring av reell fare.

Statsforvaltaren meiner at det er mangelfull oppfølging av avdekka skredfare, og fremjar **motsegn** til planen, jf. pbl. § 4-3 og 28-1, og TEK17 § 7-3.

Stormflod, havnivåstiging og bølgepåverknad

Planføresegn § 4.1 sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod (inkludert havnivåstiging og bølgepåverknad). Vi er usikre på om krava til plassering tek høgde for oppdatert kunnskap om havnivåstiging. Det ser heller ikkje ut som krav til kote tek høgde for bølgepåverknad, og at bølger kan få konsekvensar for trygg plassering av tiltak. Ein kan vente at i enkelte område av kommunen vil bølgepåverknad vere ein vesentleg faktor når kommunen må vurdere trygg kote. Utforminga av planføresegnene som skal sikre tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod og havnivåstiging, må òg ta høgde for bølgepåverknad.

Planføresegn § 4 a) er knytt til F1-tiltak. Ny rettleiar opnar for at F1-tiltak kan plasserast lågare enn det som har vore rettleiande tidlegare. Tilrådd kote er 1,7, men dette er utan vurdering av bølgepåverknad. Krav til trygg plassering av F1-tiltak må ta høgde for 20-årsstormflod og bølgepåverknad.

Planføresegn § 4 b) gjeld naust (som òg er F1-tiltak). Planføresegna opnar for at naust kan plasserast so lågt som kote 1,3. Dette er lågare enn trygg kote for F1-tiltak. Dette betyr at naust i somme tilfelle må tilfredsstille tryggleikskrava i TEK17 på andre måtar enn ved fysisk plassering. I planføresegn for naust (§ 5.10.3) er det nærare presisert at alle konstruksjonar under kote 2,7 skal dimensjonast og utformast for å tole påkjenningar ved stormflod. I tillegg må plasseringa, og eventuelle tryggingstiltak, ta omsyn til bølgepåverknad.

Planføresegn § 4 c) er knytt til F2-tiltak. I samsvar med oppdatert rettleiar er tilrådd høgde for plassering av F2-tiltak kote 2,6. I tillegg må plasseringa ta høgde for bølgepåverknad. Dette vil i mange område i kommunen gjere at trygg kote vert høgare enn kote 2,6. Krav til trygg plassering av F2-tiltak må ta høgde for bølgepåverknad.

Planføresegn § 4 d) omfattar bruk av rettleiar ved plasseringa at tiltak nær sjø. Vi meiner at denne bokstaven ikkje er naudsynt inn i planføresegnene, og tilrår at den fjernast. Om den skal stå, må den vise til oppdatert rettleiar.

Planføresegn § 4 e) omfattar område der utbygging må tilpasse seg eksisterande bygg. Det kan her sjå ut som kommunen opnar for lågare tryggleik mot stormflod enn tryggleikskrava i TEK17. Dersom tiltak skal plasserast lågare enn trygg kote, må det gjennomførast tryggingstiltak som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Statsforvaltaren meiner denne bokstaven må fjernast. Dei same krava til



tryggleik gjeld sjølv om eit område allereie er heilt eller delvis utbygd. Kommunen har ikkje høve til å akseptere lågare tryggleik enn det som er krava i TEK17.

Planføresegn § 4 g) omfattar krav til bygg som plasserast lågare enn angitt kote. Vi tilrår at kommunen her endrar formuleringa frå «angitt kote» til «trygg kote». Grunnen til dette er at kotene skildra i planføresegna ofte ikkje vil vere tilstrekkeleg trygge fordi dei ikkje tek høgde for bølgepåverknad på kommuneplannivå. Dette vil stille seg annleis om kommunen gjer konkrete vurderingar av bølgepåverknad, slik at krav til kote tek høgde for bølgepåverknad.

Statsforvaltaren meiner at det er mangelfull oppfølging av avdekka stormflodfare, og fremjar **motsegn** til planen, jf. pbl. § 4-3 og 28-1, og TEK17 § 7-2.

Omsynssone for skred og flaum er vist på eigne temakart, og ikkje i plankartet. Det er då ein føresetnad at temakarta er juridisk bindande.

Forureining

I Regjeringa sine Nasjonale for forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 omhandlar mineral- og masseforvaltning. Det er forventa at kommunane avklarar heilskapleg masseforvaltning i kommunale planar, og at ein avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis naudsynt areal til handtering av desse massane skal sikrast. Kommunen skal vurdere om det er mogeleg å bruke om massane og å oppnå massebalanse.

Det er stort behov for permanente deponi og mellombelse lagringsplassar for ulike fraksjonar masser i kommunen som kan brukast på nytt til andre prosjekt (sirkulære løysingar). Gitt mangelen på denne typen areal lokalt, burde kommunen sett av eigne areal til deponi i planen. Dette bør vere areal som allereie har ei form for opparbeiding frå før, og som ikkje fører til vesentleg støy eller andre ulemper for busetnaden, eller fører til fare for forureining av det ytre miljø.

Arealkategorien «andre typer bygge- og anleggstiltak» er ein samlekategori. Gjennom føresegna § 5.10 opnar planen for utfylling av jordmassar, snødeponi og bygging av naust innan for dette arealføremålet. Av planomtalen (s. 42-43) går det fram at det er satt av eitt deponiområde i planen; ved Vestadvågen – Råkhaugen (ABA7). Dette arealet er i KU truleg greidd ut for bruk til deponi av jordmassar.

Snø som er brøytta kan innehalde avfall og stoff som er skadelege for miljøet og for helsa vår, og deponering av snø kan dermed føre til forureining. Det er statsforvaltaren som er mynde for deponering og dumping av brøytta snømassar. Areal som skal nyttast må vere godkjente etter plan- og bygningslova.

Det er positivt at kommunen har fokus på behov for areal til deponi for snø ved å foreslår eiga føresegn for snødeponi i planen (§ 5.10.1 Snødeponi). Vi saknar i denne samanhengen ei vurdering av behovet for slike areal og at det faktisk vert sett av eigna areal til dette føremålet i planen. Det er ikkje eigna å setje av felles deponiområde for jord- og snømassar då dette krev ulik og separat handtering av massane som ikkje kan blandast.

Folkehelse

RU11 og RU13 – råstoffutvinning Rødal



Kommunen har planlagt bustadfelt på begge sider av eit større areal for råstoffutvinning, der både transport og uttak av masser vil måtte skje tett på etablert bustadfelt. Det er nyleg bygd ein lyssett turveg som bitt bustadfeltet ved Tømmervegen og Godhaugvegen saman.

Det er eit nasjonalt mål å skape eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga, og at planlegging skal fremje helse, miljø og livskvalitet. Støyplager i befolkninga skal reduserast med 10 % innan 2020 i høve 1999-nivå, og born og unge skal ha eit oppvekstmiljø der dei ikkje er utsette for trafikkfarar og anna helseskade. Eit større massetak i eit stort bustadfelt som kommunen planlegg å utvide ytterlegare, er ikkje foreinleg med eit godt bu- og oppvekstmiljø. Aktiviteten ved uttaket vil føre til støy og trafikk frå tyngre køyretøy gjennom området, noko som vil påverke svært mange negativt.

Lokalisering av bustader tett på råstoffutvinning vil føre til støy, støv og trafikkfare som verkar negativt inn på bukvalitet og nærmiljøet. Vi har med heimel i veilederen Systematisk folkehelsarbeid frå Helsedirektoratet, **motsegn** til samlokaliseringa av masseuttak RU11 og RU13 med bustadfelta.

Konklusjon

Kommunen har levert eit grundig og omfattande planarbeid for å få på plass felles ny arealdel for Hustadvika kommune. Statsforvaltaren og NVE har likevel nokre motsegn til planen.

Vi oppmodar kommunen til å ta kontakt dersom noko er uklart og de har behov for nærare dialog knytt til motsegnene.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15
Føresegner: Frida Brevik, tlf. 71 24 84 51

Vedlegg:

- 1 Uttale - motsegn - kommuneplan - Hustadvika - arealdel 2025-2037
- 2 Uttale - supplerings - høring - kommuneplan - Hustadvika - arealdel



Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen

Mattilsynet
Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest
Fiskeridirektoratet

Kystverket
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED
BERGMESTEREN FOR SVALBARD

Postboks 2500	6404	Molde
Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
Nordre Ål		
Postboks 383	2381	Brumunddal
Naustdalsvegen 1b	6800	FØRDE
Postboks 185	5804	Bergen
Sentrum		
Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM